



Nils Ove Lyngheim  
Marstein  
6300 ÅNDALSNES

## **Rauma kommune - løyve til planting av fjelledelgran og normanssedelgran for juletreproduksjon på gnr90 bnr13**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjev Nils Ove Lyngheim løyve til utsetting av fjelledelgran og normanssedelgran for juletreproduksjon på gnr 90 bnr 13 i Rauma kommune. Løyvet gjeld for suppleringsplanting med ca. 900 stk. tre på eit areal på ca. 2 daa, UTM 6924100 440050, jf. avmerka areal A i vedlegget til søknaden.

Løyvet er gitt i medhald i §§ 4 og 5 i "*Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål*". Det er sett vilkår til løyvet.

Vi viser til søknad datert 26.01.2015. Søknaden gjeld utsetting av fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) og normanssedelgran (*Abies normanniana*) på eigedommen 90/13 i Rauma kommune. Plantefeltet er avmerka i kartvedlegget til søknaden. Formålet med utsettinga er juletreproduksjon. Søknaden gjeld 800 stk normanssedelgran og 100 stk fjelledelgran på eit eksisterande juletreareal på 2 dekar.

Utsetting av utanlandske treslag krev løyve etter forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål av 25.05.2012 (heretter kalla forskrifta). Formålet med forskrifta er *å hindre at utsetting av utenlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfoldet*, jf. § 1.

Søknaden skal vurderast etter prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (NML), jf. § 7 i NML.

### **Vurdering**

Ved vurdering av om det skal gjevast løyve til utsetting, skal eventuelle uheldige følger for naturmangfaldet vektleggast. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorganismar medfører risiko for uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Det kan ikkje gjevast løyve viss det er grunn til å tru at utsettinga vil medføre vesentlege uheldige følger for det biologiske mangfaldet, jf. § 7 i forskrifta. Utplanting av utanlandske treslag kan ha ein negativ påverknad på naturmangfaldet ved å endre den naturlege artssamansetnaden og dei økologiske funksjonane på staden.

### Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Fjelledelgran er klassifisert av Artsdatabanken som ein art med lav risiko. Normannsedelgran er ikkje risikovurdert, men vi legg til grunn låg risiko for denne også. Arten har per i dag ikkje nokon påverknad på norsk natur ut over den effekten dei har på det arealet dei blir planta på.

I følgje søknaden er føremålet med utsettinga å produsere juletre. Trea blir difor hausta før dei set kongler, og feltet vert rydda etter at salgbare tre er hogde. Det er difor ingen fare for spreiding av desse artane til naturen kring feltet.

Vi har vurdert dei naturfaglege kvalitetane til plantearealet. Det vert oppgjeve at dette er ein eksisterande juletreplantasje der det skal supplerast med nye tre. Arealet ligg i eit større, heilskapleg kulturlandskap som femner om mesteparten av Romsdalen. Det er ingen andre registreringar i Naturbase i høve raudlisteartar eller andre relevante verdiar. Ei suppleringsplanting i eksisterande felt vil ikkje medføre spesielle landskapsmessige endringar i dette kulturlandskapet. Ut frå føreliggande kunnskap vil det ikkje medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

### Føre-var-prinsippet (NML § 9)

Vi vurderer vidare at behovet for å avslå, evt. krevje tilleggsutgreiingar på grunnlag føre-var-prinsippet er lite.

### Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Vi kan ikkje sjå at plantinga medfører noko belastning som skulle utløyse noko uheldig, samla situasjon for eit område eller ein naturtype.

### Kostnadane ved miljøforring (NML § 11)

Nils Ove Lyngheim kan påleggast å fjerne utilsikta spreiding av utplanta fjelledelgran og normannsedelgran. Fylkesmannen kan pålegge tiltak etter NML §§ 69-73.

### Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML § 12)

Fjerning av alle trea før frøsetting vil vere eit tilstrekkeleg tiltak for å hindre spreiding. I tillegg er den som har fått løyvet til utsetting pliktig til å føre internkontroll, jf. § 10 i forskrifta.

### Konklusjon

Vi vurderer det til å vere små negative effektar på naturmangfaldet i utsettingsområdet som følgje av suppleringsplanting av fjelledelgran og normannsedelgran. Med bakgrunn i opplysningane i søknaden og kunnskapsgrunnlaget, vurderer vi spreidingsfaren som låg, og faren for negative økologiske effektar som liten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir Nils Ove Lyngheim etter dette løyve til utsetting av juletre på gnr 90 bnr 13 som omsøkt. Løyvet gjeld for 100 stk. fjelledelgran og 800 stk. normannsedelgran på eit samla areal på 2 daa på avmerka areal A i vedlegget til søknaden, jf. §§ 4 og 5 i *Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål*. Vi viser vidare til krava i forskrifta §§ 8, 9 og 10 om hhv. varsemnd, informasjonsplikt og krav til internkontroll.

Det vert sett følgjande vilkår til løyvet:

- 1) Etter at felta er hausta, skal alle ikkje-omsettbare tre fellast. Dette skal gjerast slik at det ikkje kjem skott frå greiner eller stubbe. Feltet skal uansett ryddast innan år 2030.
- 2) Det er ikkje tillate å fjerne tre med voksedyktig rot frå feltet. Dette skal hindre ukontrollert spreining av artane.
- 3) Dersom det vert oppdaga spreining av tre utanfor plantefelta, skal desse fjernast, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal må varslast.
- 4) Løyvet skal oppbevarast hos tiltakshavar og grunneigar inntil vilkåra i løyvet er oppfylt, jf. § 7 fjerde ledd i forskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet innan tre veker i samsvar med forvaltningslova. Ein eventuell klage skal opplyse om kva endringar ein ønskjer i vedtaket, og skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
Ass. miljøverndirektør

Ola Betten

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES